

## Oppsummering frå kaffimøte med næringslivet 09.01.17

### Orientering om følgande sakar frå ordførar:

- Gol Stasjon, forprosjekt med bruk av stasjonsområdet (frå Jernbaneverket til Bane Nor og møte med fylkeskommunen/Bane Nor for vegen framover
- Fleirbrukshallen, Gol IL og kommunen sitt arbeid med driftsavtale, mogleg synfaring for kommunen i mars, opent møte i regi av Gol IL/ Gol kommune for å vise moglegheiter for nærings og reiseliv i hall.
- Tredje avkøyring går etter planen
- Aust-Vest stamvegvalet, her blir KS 1 sleppt snart, vil informere meir i neste møte om kva rapporten seier
- Skattekontormøte, oppfordring om å møte opp torsdag 19.01.17 kl. 19.00 for å høyre om konsekvensane for næringslivet og vera med å påverke politikarar
- Gol Reisemål, midlertidig engasjement til destinasjonselskapet har bestemt kva kjerneoppgåver det skal drive med, tankar om ein workshop for medlem og ikkje-medlem kan vera med å definere dette.
- Sak om blå/gule tomter på Golsfjellet kjem opp i møterunde 16.01.17 veka.
- Næringsfundsak kjem i februar møterunden, sjå kommunas heimeside.

### Kva skjer:

Slarverennet kjem med mykje nytt i årets renn, fredagkvelden er det program blant anna.

Det er behov for å legge til rette for framtidig arrangementsplass når Gord-tomta ikkje lenger er tilgjengeleg og det må søkjast ei avklaring snarast. Arbeidet i arbeidsgruppa til Masterplan for Hallingmo har og jobbar vidare med spørsmålet.

Ynskje om informasjon om gulv i hall kan brukast til anna enn idrett og ynskje om at Gol IL kan koma og informere på kaffimøte.